

# 4. trinn - Ord og følelsar i familien

Skjermen viser:	I timen:
<p>Strik eventuelt denne lenka til filmen som er utan musikk, og er lekste på bokmål.</p>	<p>Start med å sjå filmen <a href="#">Familie og følelser - YouTube</a> eller bruk lenka som ligg under filmen for å sjå den utan musikk.</p>
	<p>Sjå bilde frå filmen og snakk om det de såg:</p> <p>Kva er ein familie? Kva ulike typar familiar finnast?</p>
	<p>Alle familiar har det ikkje alltid så bra. Kva var det som kunne vere vondt for barn i familiar?</p> <p>Når familiar ikkje har det bra over tid er det viktig at familien får hjelp. Derfor har barn ALLTID lov å fortelje til andre vaksne korleis det er heime.</p>
	<p>I filmen sa dei at barn av og til får same følelsar som andre i familien sin. At barn blir triste om foreldra er triste, eller sinte om foreldre er sinte. Kvifor trur de at det er slik?</p>
	<p>Forklar til elevane:</p> <p>Når vi er tett på andre menneske i kvardagen er det heilt normalt å ha forskjellige følelsar for dei. Vi kan like kvarandre OG vere irritert på kvarandre, vi kan synes det er godt å få pause frå dei OG savne dei. Vi kan bli kjempesjalu, misunnelege, irriterte, sinte og nesten kjenne hat – OG samtidig vere glad i.</p>
<p>CGI Animated Short Film HD "Spellbound" by Ying Wu &amp; Lizzia Xu   CGMeetup</p>	<p>Introduser:</p> <p>Vi skal sjå ein liten engelsk film om ei som er skikkeleg sjalu på den «perfekte» søstera si. Ho skriv i dagboka si at ho hatar søstera. Og plutseleg ein dag blir dagboka magisk, og hatet blir til eit skummelt, farleg monster (men det går bra):</p> <p><a href="#">CGI Animated Short Film HD "Spellbound" by Ying Wu &amp; Lizzia Xu   CGMeetup - YouTube</a></p> <p>Etter filmen: Kvifor hadde jenta skrive at ho hatar søstera si? Kva gjorde at ho kom på at ho var glad i ho?</p>



## Ei skattekiste med gode ord og handlingar i familien

Introduser oppgåva med å sei at det er mange små og store ting som er vanleg å gjere i familiar som viser at ein er glad i kvarandre. Kva er eksempel på slike ting? Å gi kvarandre ein klem? Å bli med på ein leik ein eigentleg ikkje likar så godt sjølv? Lage ting til kvarandre? Dele? Sei og gjere fine ting?

Kva små handlingar viser at familien likar kvarandre? Tenk på nokon du er glad i som er glad i deg, korleis viser de med små handlingar eller ord at de er glade i kvarandre? For kvar liten ting du kjem på kan du skrive det på ein liten lapp og legge det i boksa. Du kan skrive opp så mange ting som du kjem på.

Del ut lappar til elevane og hjelp dei eventuelt å kome på noko å skrive.

Etterpå kan du som lærar trekke opp lappar frå boksa og lese opp forslaga. Kanskje vil de lage det som ei liste på tavla? Ein liten plakat? Elevane kan oppfordrast til å gjere minst ein slik ting kvar dag heime, denne familiemånaden.



Gjer ei lita frosketidøving [Puste i dyrestillinger - YouTube](#)



Når ting er vanskeleg heime kan det vere lurt å kunne å løyse konfliktar, og å reparere relasjon. Bruk gjerne desse boksene. Instruksjonane ligg i boksar til læraren.



Sjå gjerne denne filmen på engelsk om at også klassa kan vere ein familie, og snakk om kva de gjer for kvarandre i klassa som er typisk for ein familie: [Our Class is a Family Read Aloud | Animated Kids Book | Vooks Narrated Storybooks @VooksStorybooks - YouTube](#)  
Eller kanskje er det meir de kan gjere for å vere meir som ein familie? Prøv gjerne å ha noko av samtalet på engelsk.



Eller sjå filmen om dei som har fått søskensjokk og la elevane få snakke med kvarandre om korleis det kan vere å plutseleg skulle bli søsken med nokon ein ikkje kjenner. Legg merke til alt som skjer i filmen som viser at det er komplisert, men også at dei blir venner på slutten og støttar kvarandre. [Musikkvideo: Vårt sted - Søskensjokk - NRK Super - YouTube](#)



Eventuelt kan de sjå ei episode eller to i serien Bli med heim. Er der nokon episode som er ekstra relevant for nokon i denne klassa?